

Kommunal- og Regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Deres ref.:10/1732-2 JKO

Vår ref.: 1510 E7 9/paa

Dato: 6. desember 2013

2010 – KAP 552 POST 72 NASJONALE TILTAK FOR REGIONAL UTVIKLING – GILDESKÅL KOMMUNE – BOLYST 2010 – REVISORUTTAELSE

Vi har gjennomført de kontrollhandlinger som er avtalt med dere og listet opp nedenfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlinger. Handlingene er utført for å bistå dere i vurderingen av riktigheten av regnskapstallene som danner grunnlag for utbetaling av bevilget tilskudd.

Oppstilling over påløpte kostnader til prosjektet viser totale utgifter på til sammen kr. 1 271 078,- eksklusiv merverdiavgift. Av dette er kr. 742 978,- betalte kostnader bokført og belastet i kommunens regnskap. Øvrige kostnader kr. 528 100,- er anslag egeninnsats gjort av prosjektleder i henhold til egen oppstilling.


Vi har gjennomført følgende kontrollhandlinger:

- at de faktiske betalte kostnader for perioden stemmer med det som er belastet i kommuneregnskapet på ovennevnte prosjekt
- at fakturaene er attestert, anvist og bokført med rett beløp
- at fakturaene er originale
- det er utgifter som åpenbart ikke synes å vedrøre prosjektet

Vårt arbeid avdekket ingen vesentlige feil eller avvik.

Siden de ovenstående kontrollhandlinger verken utgjør revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, gir vi ikke uttrykk for noen sikkerhet for at informasjonen ikke inneholder vesentlige feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlinger eller hadde gjennomført revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kommet til vår kunnskap og blitt rapportert til dere.

Vår uttalelse er utelukkende utarbeidet for det formålet som er beskrevet i første avsnitt, og skal ikke brukes til noe annet formål. Uttalelsen er beregnet på KRD og Gildeskål kommune.



Per Asbjørn Andersen
Oppdragsansvarlig revisor

Gildeskålavisa
Å eg veit...
Nr 4, februar 2013 Løsslag kr 20,-



UT ER INN

Martine og Simen stortrives i praksis på Gifas, og synes uteundervisning er topp.

Ragna Tvedem

Bussen er kjøpt!
SIDE 12-13

Ernestor Havn

Har fått tak over hodet
SIDE 10-11

Samir U., Erlend U. og Anders U.

Gym er koselig og gøy!
SIDE 8-9

Bolyst 2010 +

Sluttrapport

Inndyr, juni 2013



**Kunnskapscenteret
i Gildeskål**



Gildeskål
kommune

Tittel Bolyst 2012

Prosjektansvarleg Leif Karl Gunnarsen
Gildeskål kommune
8140 Inndyr
45411913 gunlei@gildeskal.kommune.no

Prosjektleder Heidi Meland
Kunnskapsenteret i Gildeskål
8140 Inndyr
95700163 heidi@kig.no

Partnerar Sandhornøy Lokalutval
Inndyr og omegn lokalutval

Tidsrom 2012-2013

Budsjett 1 160 000 kr

Rekneskap

Tilskott Bolyst 2010 500 000 kr

Dato 17.06.13

Samandrag

Bolyst 2010 i Gildeskål er gjennomført for å profilere Gildeskål på ein positiv måte og styrke sjølvbildet til innbyggjarane. Prosjektet har hatt tre delprosjekt: Skrivekurs for å kunne presentere saker spesielt i avis og på nettsider, Fotobank for å legge ut bildar frå Gildeskål til allmenn bruk og Bygdeavis distribuert til alle husstandar.

Signatur

Leif Karl Gunnarsen

Prosjektansvarleg

Heidi Meland

prosjektleder

Bakgrunn

Sandhornøy lokalutval og Inndyr og omegn lokalutval fekk i 2010 støtte frå Bolyst, KRD til å arbeide med lokal profilering og styrking av det positive sjølvbildet til innbyggjarane i kommunen. Det var ein føresetnad at bolystarbeidet skulle koordinerast med andre aktivitetar knytt til lokalt utviklingsarbeid, særleg i samband med Elias Blix-jubileet i 2011. Lokalutvala søkte opprinneleg om støtte til skrivekurs, bildebank, bildespel og kalender for 2011. Av ulike grunnar tok det tid å få i gang prosjektet, men kommunen og lokalutvala fekk etter avtale med KRD høve til å disponere midlane i 2012 og 2013.

Kunnskapssenteret i Gildeskål blei engasjert som prosjektleiar, og prosjektplan med nytt budsjett og finansieringsplan blei sendt til KRD saman med ein kort rapport datert 13.12.12. Prioriterte aktivitetar har vore skrivekurs, bildebank og bygdeavis.



Foto: Marit Solbakken

Effektmål

Prosjektet skal bidra til å skape entusiasme og engasjement for lokale ressursar, og gjere innbyggjarane stolte av kommunen. Både natur, kultur, næringsliv og samfunnsliv vil bli profilert, og mange innbyggjarar vil bli engasjert i visuell og tekstleg presentasjon av Gildeskål.

Resultatmål

1. Utdanne lokale skribentar/journalistar slik at dei kan presentere kommunen og det som skjer i kommunen i ulike media.

2. Samle inn 500 bildar til fotobank for Gildeskål som er tilgjengeleg for all ikkje-kommersiell bruk
3. Etablere lokal bygdeavis for papir- og nettpublisering, som kan erstatte "Gildeskålinfoen" og styrke lokal informasjon og debatt. Gje ut åtte nummer.

Kort om KiG

Kunnskapsenteret i Gildeskål jobbar med kompetanseutvikling for dei marine næringane spesielt og for lokalsamfunn generelt. KiG jobbar også med lokalsamfunnsutvikling, spesielt knytt til rekruttering av barn og unge til marin sektor og til etablering i kystsamfunna. KiG driv opplæringskontor og studiesenter, utviklingsprosjekt og servicesenter for andre verksemder.



Foto: Eirik Alst

Tiltak

Prosjektet har gjennomført tiltak direkte retta mot resultatmåla.

Skrivekurs

Skrivekurs er gjennomført for 17 personar over to kveldar. På skrivekurset var tekst og bildar til avispublisering hovudtema, og det blei avtalt å bruke kurset til å trene og få tilbakemelding på eigne tekstar, og bruke den nyvunne kompetanse til å produsere avis.

I staden for å tilby eit journalistkurs nummer to, var deltakarane og instruktøren samde om å bruke ressursane på oppfølging med evaluering og forbetring av avisa etter kvar runde med publisering.

Det er gjennomført i november og desember. Nesten alle deltakarane har i løpet av vinteren levert bidrag til avisa.

Fotobank

Det er etablert ein eige katalog i fotobanken www.foto.nordnorge.com/gildeskål, der det no er publisert 148 bildar frå Gildeskål. Målet er å publisere 500 bildar i fotobanken, og det er framleis eit realistisk mål, men det tar lenger tid enn planlagd.

Sidan hausten 2012 har interesserte fotografar i og utafor kommunen blitt oppmoda til å levere sine beste bildar til fotobanken, og om lag 800 bildar frå 14 fotografar er vurdert. Gildeskål fotoklubb er engasjert til å velje ut dei beste bilda for publisering. I løpet av vinteren er fotobanken marknadsført gjennom avisa, og mange bildar er også publisert der. Bilda kan brukast fritt til ikkje-kommersielle formål. Ved kommersiell bruk må det gjerast eigen avtale med fotograf.




Foto: Richard Varga

Det blir framleis sendt inn og vald ut bildar til publisering i databasen, og det er gode utsikter for å få fylt databasen som planlagt, med det tar lenger tid. Prosjektleiari foreslår derfor å sette av dei resterande 125 000 kr i budsjettet til framtidig utbetaling til fotografar som leverer bildar i løpet av 2013. Det blir også sett av midlar til abonnement på databasen, budsjettert til 12 500 kr.

Bygdeavis

Bygdeavisa « Å eg veit... Gildeskålavisa » er produsert og distribuert som planlagd, og åtte nummer er gitt ut. Avisa er eit spleiselag mellom prosjektet og alle som har lyst til å skrive tekst og publisere bildar. Redigeringsarbeid, korrektur, ombrekking, trykking og distribusjon er

profesjonelt/halvprofesjonelt, mens bildar og tekst er sendt inn frå innbyggerane. Til gjengjeld har skribentane og fotografane fått vegleiing og oppfølging gjennom profesjonell mentorstøtte. I løpet av vinteren har om lag 50 journalistar sendt inn større eller mindre bidrag, med ein fast stamme på rundt 10 som skriv til kvart nummer. Den viktigaste «løna» for jobben er å ha ein engasjerande fritidsaktivitet, samt hyggelege tilbakemeldingar frå innbyggerane i Gildeskål og andre. Avisa starta med 16 sider i tabloidformat, som er utvida til 20 og 24 sider etter kvart.

Avisa har hatt fast dag for utgjeving den første i kvar månad, og fast deadline den 15. i månaden før. Ei rekke faste innslag er etablert, og ca 1/3 av sidene er brukt til dette. Faste innslag er leder, kommentarartikkel frå publikum, ordførarhjørne, nytt frå Nordlandsmuseet, gamle bilde med ukjente motiv og spørsmål til publikum, kyrkjesider, kommuneside, «Ka skjer», Visste du at, gratulasjonar, annonser og kunngjeringar, frivillighetsstafett, kryssord, barneside, og midtsidebilde. Fleire faste innslag er aktuelle, når bidragsytarane er klare for det. Dei andre sidene har reportasjestoff faste og tilfeldige bidragsytarar.

Avisa har vore distribuert gratis til alle husstandar i kommunen, og til institusjonar og verksemder. Alle kan annonsere gratis, ettersom vi ikkje har hatt apparat for annonsesal. Bedrifter blei invitert til å annonsere mot eit bidrag til avisdrifta, som blei nytta til å utvide sidetalet i prosjektperioden. Prosjektet var prosjektfinansiert fram til juni. Interessentar som ikkje bor i kommunen har hatt høve til å abonnere, og avisa hadde pr. avslutning nesten 100 abonnentar.

Avisa er planlagd vidareført frå september 2013, under føresetnad av finansiering. Budsjettet tar utgangspunkt i erfaringar om kostnader i prosjektperioden, samt finansiering ved abonnement og offentlege og private tilskott, for å stadfeste prinsippet om ein felles dugnad for å bygge samhald internt og omdømme både internt og eksternt. Annonsesal er vurdert og forkasta, både fordi vi ser lite innteningspotensial i forhold til kostnader med å selje annonser, og fordi det vil endre avisa si framtoning.



Foto: Arne Sklett Larsen

Organisering

Prosjektet har vore organisert med virksomhetsleder Leif Karl Gunnarsen frå Gildeskål kommune som prosjektansvarleg og Heidi Meland frå Kunnskapsenteret i Gildeskål som prosjektleiar (også leiar i Inndyr og omegn lokalutval). Ei prosjektgruppe med desse to og Trygve Førde frå lokalutvalet på Sandhornøy har støtta arbeidet. Bygdeavisa har hatt ein «storredaksjon» med alle bidragsytarar som har møttest kvar månad, etter at avisa er distribuert. Formålet til storredaksjonen har vore å evaluere og forbetre avisa, og å planleggje ny utgåve. Prosjektleiar har vore ansvarleg redaktør både for avisa og for fotobanken. Edmund Ulsnæs frå Mediehuset Meløy har vore profesjonell vegleiar både på skrivekurs og i fleire møte med storredaksjonen.

Tidsplan

Prosjektet er gjennomført innafor avtalt tidsplan, bortsett frå at Fotobanken ikkje har fått inn så mange bilde som planlagd i løpet av prosjektperioden.




Foto: Nina Nystad

Rekneskap

Prosjektet blir avslutta med eit rekneskap på 1 271 078 kr, mot eit budsjett på 1 160 000 kr.

(tabell, jfr vedlegg)

Evaluering/vurdering

Bolyst 2010+ blei gjennomført fleire år etter at prosjektmidlane blei løyvd, og det var naudsynt å gjere arbeidet raskt, også for å få ut midlane. Prosjektperioden har vore på 12 månader. Det har vore tilstrekkeleg med tid for skrivekurs og avis, men for kort tid for fotobanken.

For avisa har kort tid og konsentrert arbeid vore ein fordel, for alle aktørane har vore «pressa» av fristar og deadline for å produsere. Eit godt tempo har også bidratt til fokus, slik at vi har halde interessa ved lag. Mobiliseringa av skribentar og fotografar har vore effektiv, og dei fleste er godt motivert til å fortsetje med avis på frivillig basis. Likevel er vi ikkje ferdig med opplæring av bidragsytarane, og når det gjeld publikum har det tatt forholdsvis lang tid å bli vant med avisa og t.d. tilbod om presentasjonar, kunngjeringar og annonsering.

Prosjektleiinga oppfattar at avisa er svært godt mottatt av publikum, sjølv om det av og til oppstår spørsmål om kvifor enkelte bygder i kommunen er mindre representert enn andre. Grunnen er som regel at det ikkje er så aktive bidragsytarar i den aktuelle bygda, og at frivillige journalistar skriv om

det dei har lyst til å skrive om. Svaret blir derfor at vi gjerne vil ha stoff frå alle bygdene i kommunen, og at alle er velkomne til å bidra.

Det er gjort færre erfaringar med fotobanken. Det tok nokså lang tid før vi blei klare til å publisere, i hovudsak på grunn av omlegging av databasen, som ikkje var klar før i april. Det oppsto også et spørsmål om godkjenning av bildar av prosjektgruppa, som blei raskt avklart. Etter at databasen blei klart blei godkjente bildar publisert raskt, og pr. dato er det innlevering frå publikum og utveljing i fotoklubben som bestemmer tempoet. Fotoklubben jobbar også på fritid, og må finne tid til dette arbeidet.

Oppsummering

Prosjektet har vist at det er mogleg å utvikle og gjennomføre store omdømmeprojekt i Gildeskål, ved eit samarbeid mellom kommunen, andre organisasjonar og private. Utfordringa er å bruke prosjekterfaringane vidare, og legge slike tiltak inn i det permanente arbeidet med å styrke attraktiviteten til Gildeskål med alle sine fjordar, øyer og nes.

Vidareføring av Bolyst2010 blir ein prøvestein i så måte. Så langt har kommunen, kyrkelyden og ein del bedrifter og frivillige organisasjonar meldt seg – men ikkje sterkt nok og mange nok enno. Eit sterkt fellesskap innafor kommunen trengs for å utvikle dei nye prosjekta som skal kunne gje ekstern finansiering, og for at Gildeskål skal kunne vere ein god partner i regionen for andre bygder og kommunar. Bolyst inviterer fleire aktørar på banen – og garanterer at det vil lønne seg for alle å delta, ikkje berre i form av pengar!

Bolyst 2010+

2012 og 2013

		Budsjett	Delsum	Rekn	Delsum
Kostnader					
Skrivekurs	Skrivekurs (kjøp av tenester)	40 000		9 200	
	Reiser/servering	8 000			
	Diverse	8 000		1 635	
	Egentid, kurs	120 000		45 900	
	Prosjektleiing	16 000		16 000	
Sum skrivekurs			192 000		72 735
Fotobank	Kjøp av bildar	175 000		175 000	
	Egeninnsats bildar	200 000		70 000	
	Utvelging	52 500		66 200	
	Database	12 500		16 028	
Sum fotobank			440 000		327 228
Avis	Profil/mal	9 000		9 000	
	Ombrekking	72 000		97 000	
	Trykk	50 000		44 864	
	Distribusjon	20 000		22 398	
	Distribusjon, egen			9 600	
	Mentor	12 000			
	Redigering	52 000		140 800	
	Egen tid, tekst og bilder	160 000		403 200	
	Uforutsett	17 000		4 653	
Sum avis			392 000		731 515
Prosjektleiing		136 000	136 000	139 600	139 600
Sum kostnader		1 160 000		1 271 078	1 271 078
Inntekter					
	Tilskott Bolyst	500 000		250 000	
	Tilskott SNU	20 000		20 000	
	Lokalutvalga	60 000		60 100	
	Rest Elias Blixjubileum	100 000		82 621	
	Bidrag bedrifter/lag/foreninger			27 500	
	Egeninnsats	480 000		528 700	
	Abonnement			24 300	
Sum inntekter		1 160 000		993 221	

Eigeninnsats Skrivekurs

	Deltakarar	Timar	Sats		
Kurskveldane	17		6	300	30 600
Skriiving	17		3	300	15 300
Sum					45 900

Eigeninnsats Avis

	Sider	Timar pr side	Sats		
	168		6	400	403 200
Sum					403 200

Eigeninnsats Fotobank

	Bilder	Sats		
	140	500		70 000
Sum				70 000

Egen distribusjon

	Abb	Utgåver, gj.sn.		
Utsending til abonnenter	96	5	20	9 600
Sum				9 600